

GENERELL INFORMASJON

til søknad om avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrensa

For RASK sakshandsaming ber vi om korrekte og utfyllande opplysningar!

Siktkrav ved avkøyrsløse:



Saman med søknadsskjemaet skal det sendast:

Kart i målestokk M 1:1000

På kartet/skissa skal det teiknast inn :

Plassering av avkøyrsløse (tilkomstveg, snu- og oppstillingsplass)

Plassering av byggverk (bustad, garasje, tilbygg m.m.)

Ved søknad om dispensasjon frå byggjegrensa skal det teiknast inn avstand frå senter av off. veg til næraste kant av omsøkte byggverk. Legg ved målsett plan- og fasadeteikning.

Ufullstendig søknad vil bli returnert!

På grunn av eit evt. behov for framtidig vegutviding, samt ulemper som støv, støy o.l frå trafikken, må byggverk ikkje førast opp for nær ein offentlig veg. Difor må ingen bygningar, oppslagsplass eller annan innretning (også laus kiosk) førast opp innafør ei byggjegrensa som går 50 meter frå riksvegen, 50 meter frå fylkesvegen og 15 meter frå gang-/sykkelvegen, utan særskilt løyve frå Vegvesenet. Avstanden skal reknast frå midten av offentlig veg til næraste kant av omsøkte byggverk.

Vi vil gjere merksam på at det må søkjast om tilbygg til tidlegare oppførte bygningar, samt for gjenoppbygging av nedrivne eller nedbrende byggverk som ligg innafør byggjegrensa.

Kva Vegvesenet legg vekt på ved handsaminga av søknaden:



Vegvesenet må vurdere alle søknader i ein større samanheng m.a. av omsynet til trafikkavvikling og trafikktryggleik. Søknaden blir sett på i samanheng med kravet om betre og sikrere vegar.

Dersom stadig nye avkøyrsløser vert etablerte, vil vegen langsomt men sikkert «gro igjen». Den aukande lokaltrafikken som følgjer med avkøyrsløser vil gradvis forandre hovudvegen til lokal bustadveg.

Det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkøyrsløser langs ein veg, og det er særleg dei som bur langs vegen som vert ramma.

For å unngå ei slik utvikling ser Vegvesenet seg naudsynt til å vere generelt tilbakehalden med å godkjenne søknader om ny busetnad med direkte tilkomst til riks- og fylkesvegnettet. Søknadene blir likevel vurderte forskjellig avhengig av vegen sin funksjon, trafikkmengde, fartsnivå, m.m.

Ved søknad om dispensasjon frå byggjegrensa må vegvesenet vurdere om det omsøkte byggverket vil sjenere trafikken på vegen, redusere trafikktryggleiken eller vanskeleggjere vegvedlikehaldet. Behovet for areal ved evt. framtidig vegutviding vil og bli vurdert.

Skal det leggast leidningar langs, over eller i offentlige veg, må det søkjast på særskild skjema.



Statens vegvesen

SØKNAD OM AVKØYRSLE/DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE LANGS OFFENTLEG VEG

Tiltakshaver..... Tlf.....

Adresse..... Postadr.....

Ansvarleg søkjar/utførande..... Tlf.....

Adresse..... Postadr.....

Gnr..... Bnr..... Kommune.....

(Europa-/ Riks-/ Fylkesveg)..... Stad.....

Undersøk planstatus for eigedomen hjå kommunen

Kommuneplan (føremål).....

Reguleringsplan Nei Ja

Namn på planen.....

SØKNAD OM AVKØYRSLE

- Ny avkøyrslle
 Bustadeiningar antall.....stk
 Utvida bruk av eksisterande avkøyrslle
 Hytte antall.....stk
 Flytting av eksisterande avkøyrslle
 Industri/Næring
 Stenging
 Driftsavkøyrslle
 Anna føremål.....
 Andre

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE (MÅ GRUNNGJEVAST)

Kva funksjon får bygget (til dømes bustad, hytte m m?).....

Nybygg Tilbygg

Avstand frå vegmidte til næraste kant av omsøkt byggverk.....meter

Kart/skisse i målestokk 1:1000 skal leggjast ved søknaden. Kart kan ein få ved teknisk kontor i kommunen. Kartet/skissa skal syne tomta med bygget, avkøyrsla, snuareal og vegen inn på tomta.

EVT. TILLEGGSPPLYSNINGAR/GRUNNGJEVING

Five horizontal lines for additional information.

..... den.....20.....

..... underskrift

DcghUXfyggY. GHYHbgj Y[j YgYb
FY[]cb j Ygh
5g_YXUYb' (
*, *' '@_Ub[Yf

9!dcgh Z!fa Udcghj Ygh4 j Y[j YgYb"bc
H^YZcbbf. \$&\$' \$
H^YZU_g) + *) - ; *